

2.4 Prosjekt Digitalisering

Mandat

Dette mandatet¹ gjelder for et forprosjekt som skal bidra at interimsstyret skal kunne foreta strategiske vegval når det gjeld digitale satsingar. Prosjektet vil få eit nytt mandat for det vidare arbeidet med digitalisering på bakgrunn av forprosjektet sine leveransar. Forprosjektet skal levere eit samla grunnlag for etablering av hovudprosjekt «Digital høgskule på Vestlandet» til interimsstyret for den nye høgskulen. Dette forprosjektet skal danne grunnlag for prioritering av ulike delprosjekt organisert som eit hovudprosjekt. Prosjektet skal sjå på løysingar både for den faglege og den administrative verksemda.

Prosjektgruppe:

- Monica Wammen Nordtvedt, HiB (leiar prosjektgruppe)
- Ekstern konsulentbistand
- Tarjei Heggernes, HiB
- Morten Fahlvik, HiB
- Dagrun Kyrkjebø, HiSF
- Grete Netteland, HiSF
- Einar Kolstad, HSH
- Aslaug Grov Almås, HSH
- David Parmentier, HiSF
- Henriette Michalsen, studentrepresentant, HSH
- Eivind Hatland, HiB
- Marie Von Hirsch, HiSF

Prosjektstøtte frå programsekretariatet.

Hovudleveranse

Rapport til interimsstyret som grunnlag for prioritering av strategiske satsingar på digitalisering i den nye høgskulen.

Delleveranser

- Kartlegging av erfaringane i HiSF, HSH og HiB knytt til digital samhandling, digitale administrative verktøy, digitalt støtta undervisning og forskning med og om digitale verktøy og prosessar
- Kartlegging av eksisterande infrastruktur og verktøy/programvare (i samarbeid med Sikker Drift) knytt til digital samhandling, digitale administrative verktøy, digitalt støtta undervisning og forskning med og om digitale verktøy og prosessar
- Internasjonal og nasjonal kunnskapsstatus knytt til digital samhandling, digitalisering av administrative arbeidsprosessar, digitalt støtta undervisning og forskning med og om digitale verktøy og prosessar – kva veit vi, kva bør vi vite, kva kan vi forvente framover?
- Identifisering av utviklingsbehov på kort, mellomlang og lang sikt (når det gjeld rom/utstyr, prosedyremessig/fagleg/kompetansmessig, organisasjon og kultur) for Høgskulen på Vestlandet

¹ Arbeidsgruppa som har jobba med forprosjektet og utarbeida mandatet er samansett av Wiggo Hustad (HiSF), Morten Fahlvik (HiB) og Aslaug Grov Almås (HSH)

- Organisasjonsmessige og økonomiske implikasjoner av planen
- Følgjeforskning i utvikling og implementering av «Digital høgskule på Vestlandet» som virkemiddel i visjonsrealiseringa og som grunnlag for prosess for etablering av forskingsmiljø knytt til fleksibel læring